

KOMMUNEDELPLAN FOR KULTUR

Framlegg til planprogram



Frå serien «Digital Safari» av Bård Breivik (2014). Stord rådhus

INNHALD:

1. INNLEIING OG BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET	s. 3
2. FØREMÅL	s. 3
3. FØRINGAR	s. 3
4. PLANPROSESS	s. 5
5. VERKTØY OG MEDVERKNAD	s. 6
6. PLANTEMA	s. 7
7. ORGANISERING	s. 7
8. FRAMDRIFTSPLAN	s. 7



Purpurrot av Trude Westby Nordmark (2012), Stord sjukeheim

1. INNLEIING OG BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Stord kommune har vore utan gjeldande kommunedelplan for kulturplan sidan 2008. Den førre kommunedelplanen for kultur vart vedteken av Kommunestyret 12.10.1995 og revidert i november 2004, og gjaldt for perioden 1996-2008. Planen er forelda og utgått, det er difor trong for ny.

I budsjettvedtaket for 2020 heiter det at kulturplanen skal innarbeidast i planstrategien. Kulturplanen er tatt inn i oversikta i Kommunal planstrategi for Stord kommune 2020-2023.

Stord har eit rikt og variert kulturliv, både på amatør og profesjonelt nivå og med stor aktivitet i frivillig lag- og organisasjonsliv. Det er gode høve for både deltaking og opplevingar, likevel er det slik at ikkje alt er dekkja eller at alle tilboda er gode nok. Heile samfunnet vårt har vore i stor endring, det er folkeauke, nye busetnadsmønster, nye former for kommunikasjonar og infrastrukturar, rask teknologiutvikling, digitalisering og internasjonalisering. Nye kulturuttrykk har kome til medan både definisjonar og tilskotsordningar kan vera gamle og forelda. No har me i tillegg erfaringar frå ein pandemi.

2. FØREMÅL

Ny kulturplan skal staka ut kursen for utviklinga innan kulturfeltet fram mot 2034.

Planen vert det nye overordna kulturpolitiske dokumentet og skal visa kva visjonar og mål Stord kommune har for utviklinga av dei ulike kunst- og kulturområda. Mål og tiltak vil bli prioriterte i handlingsplanen og i neste omgang verta følgde opp i dei årlege budsjettprosessane og i den administrative og politiske handsaminga av einskildsaker innanfor kultursektoren.

Vidare vil planen legge føringar og gje retning for arbeidet med andre planar og utgreiingar innan kultursektoren.

Arbeidet med planen vil bli lagt opp slik at det skapast lokalt engasjement og inspirasjon.

3. FØRINGAR

Lovpålagte oppgåver

Kultursektoren er i liten grad lovregulert, men nokre plikter har Stortinget lagt på kommunane.

- **Kulturlova;** Lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd, frå 2007, slår fast at: «Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.» Lova stiller ikkje krav til omfanget eller kvaliteten på kulturtilbodet.
- **Lov om folkebibliotek;** kommunane er pålagt å ha eit bibliotektilbod.
- **Lov om visning i av film og videogram** gir kommunane mynde til å fastsetja konsesjonsvilkår for visning av film og videogram i næring, samt handsama søknader om konsesjon (kinoverksemd).

- **Lov om kulturminne** regulerer arbeidet med kulturminne og kulturarven i kommunane.
- **Opplæringslova §13-6 Kulturskulelova:** «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles».
- **Folkehelselova;** «Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse».

Andre statlege føringar og relevante styringsdokument

Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturens kraft - Kulturpolitikk for framtida.

Hovudinnhaldet i meldinga gjer greie for ambisjonar, mål og særskilte innsatsområde i den framtidige kulturpolitikken. Hovudbodskapen i meldinga er at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggande kraft, og at eit rikt og vel fungerande kulturliv er ein føresetnad for ytringsfridom og demokrati. Kulturmeldinga sitt overordna og nasjonale kulturpolitiske mål er eit fritt og uavhengig kulturliv. Meldinga plasserer kulturen i samfunnet som ei kraft og ikkje som eit reiskap for noko anna. Meldinga gjer ansvaret for den nasjonale kulturpolitikken til eit delt ansvar mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Dei overordna måla som meldinga presenterer vert dermed relevante og gjeldande for den kommunale kulturpolitikken og planarbeidet. I kulturmeldinga varsla regjeringa at dei skal gå gjennom kulturlova «med sikte på at ho skal vere eit styringsverktøy for oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom forvaltningsnivåa og reflektera nasjonale mål for kulturpolitikken.

Meld. St. 18 (2020–2021) Oppleve, skape, dele — Kunst og kultur for, med og av barn og unge

Hovudbodskapen i meldinga er at alle barn og unge skal få medverka i kunst- og kulturpolitikken, at alle barn og unge skal få sjansen til å vere med på dei kunst- og kulturtilboda dei er interesserte i, og at kunsten og kulturen som blir laga for barn og unge er av høg kvalitet. Kultursuolen og Den kulturelle skulesekken er sentrale verkemiddel for å nå desse måla og viktige tema i meldinga.

Meld. St. 23 (2020 – 2021) Musea i samfunnet – Tillit, ting og tid

Meldinga viser den overordna politiske retninga for museumspolitikken fram mot 2050 og formulerer dei sentrale områda for vidare utvikling av museumssektoren. Meldinga inneheld ei vurdering av museumsreforma som sektoren har vore gjennom dei siste 20 åra og drøftar vegen vidare etter denne. Meldinga inneheld òg ei vurdering av spørsmålet om ei eiga museumslov. Meldinga understrekar museas rolle i infrastrukturen for demokrati og frie ytringar, slik Kulturmeldinga målber.

Perspektivmeldingen 2021

Perspektivmeldinga blir lagt fram for Stortinget kvart 4. år. Meldinga handlar om utfordringar i norsk økonomi dei neste førti åra, og regjeringa sine strategiar for å løysa dei. I tiåra som kjem vil det stå færre yrkesaktive bak kvar pensjonist. Staten sine utgifter vil gå opp, utan at inntektene aukar like mykje. Samstundes skal me gjennomføra det grøne skiftet.

FNs bærekraftsmål

Måla skal vera grunnlaget for all regional og kommunal planlegging.

Spillerom – Dataspillstrategi 2020-2022

Strategien skal løfta dataspel som sjølvstendig kulturuttrykk, kunstform, næring og fritidsaktivitet. Strategien skal gjelda frå 2020-2022. Med strategien ønskjer regjeringa ikkje berre å løfta gamingkulturen men også å utvikla norsk næringsliv slik at me får en spelbransje som kan hevda seg internasjonalt.

Regionale føringar

Fylkeskommunane har ansvar for regional utvikling og samordning innanfor fylka, også innanfor kultursektoren. Dei vedtekne regionale planane for kultur i Hordaland og Sogn og Fjordane set rammene for det kulturpolitiske arbeidet inntil ein regional plan for Vestland er på plass. Kultursatsingane i Vestland fylkeskommune er vedtekne gjennom:

[Regional plan for kultur i Hordaland 2015–2025, Premiss: kultur](#)
[Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019–2027, Kultur for alle](#)

Avdeling for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune arbeider no med ein ny handlingsplan som byggjer på dei regionale planane for kultur. Vestland fylkeskommune har hatt planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 – 2035 ute på høyring våren 2021. Planprogrammet gjer framlegg om fire plantema. Desse skal vere så relevante som mogeleg, vera utgangspunkt for arbeid på tvers av sektorane og løfta fram kultur i realisering av den vedtekne utviklingsplanen for Vestland. Dei fira plantema er; «Vestland som ein leiande kulturregion», «Eit berekraftig kulturliv», «Deltaking, medborgarskap og mangfald» og til sist «Kulturell verdiskaping».

Kommunale føringar, planar og vedtak

Planstrategi 2020-2023:

Planstrategi er eit politisk styringsverktøy det nye kommunestyret skal nytta i arbeidet med å klargjere kva for planoppgåver kommunen skal prioritera i valperioden for å møte kommunen sine utfordringar og behov. Planstrategien er retningsgivande for kommunen si planlegging, og skal sikra god utvikling av viktige område i kommunen og styrka utviklinga i dei einskilde sektorane, den har ingen direkte rettsverknad for innbyggjarane.

Det kommunale plansystemet følgjer av plan- og bygningslova, planstrategien omfattar alle dei ulike kommunale planane, og er ein arena for å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon.

Kommuneplan for Stord kommune:

Denne skal visa korleis me vil at Stord kommune skal utvikla seg fram til år 2040. Det vedtekne planprogrammet tek utgangspunkt i følgjande tema: Klima, miljø og samfunnstryggleik, Næringsutvikling, Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, Levande senter, Helse, trivsel og oppvekst, Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiane, Gode kommunale tenester, Regionalisering og samhandling.

4. PLANPROSESS

Ny kulturplan skal bygga på og konkretisera kommuneplan for Stord innan kulturfeltet. Planen må også ta omsyn til andre kommunale planar, vedtak og rapportar. Ny

kulturplan bør sjå på om det kan vera føremålstenleg med interkommunalt samarbeid innanfor ulike kulturområde.

Ny kulturplan vil omfatta heile det såkalla utvida kulturomgrepet med nokre presiseringar og unntak:

- Museum: Sunnhordland museum har starta arbeid med strategiplan for dei kommande åra. Det er naturleg at kulturplanen tar opp Stord kommune sitt tilhøve til Sunnhordland museum og Stord maritime museum.
- Frivillige lag og organisasjonar: Det vil vera naturleg å sjå på deler av det frivillige lags- og organisasjonslivet, men avgrensa til det som gjeld innanfor kulturfeltet. I den kommunale planstrategien er det ønskje om ei eiga frivilligmelding.
- Bibliotek: Biblioteket har sin eigen plan, «Møtestad for menneske, kultur og kunnskap» gjeldande for perioden 2021-2025. Her står det m.a. at dei ønskjer å vidareutvikla biblioteket som ein aktiv kunnskaps- og kulturformidlar, og eit litteraturhus.
- Kulturskule: Kulturskulen er ein del av kvalitetsutviklingsplanen for skulane. Kulturskulen har i tillegg Rammeplan for kulturskulen som styringsdokument.
- Kulturminne: Stord kommune har under handsaming eigen kommunedelplan for kulturminne.
- Idrett og friluftsliv: Stord kommune har kommunedelplan «Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Stord 2015 – 2025», plan for regionanlegg Sunnhordland og «Nærmiljøanlegg - rehabiliteringsplan 2015-2025».

5. VERKTØY OG MEDVERKNAD

I utarbeidinga av kulturplanen er det viktig at alle innbyggjarane får delta i diskusjonen. Stord kommune har dei siste åra arbeidd mykje med å sikra at alle innbyggjarar får delta i dei kommunale planprosessane, og erfaringar frå dette arbeidet må leggjast til grunn i utarbeidinga av ny kulturplan. Arbeidet med planen må organiserast slik at prosessane blir effektive, samstundes som det blir sett av naudsynt tid til medverknad og forankring. Det må vera gode høve til å gje innspel. Ei tidleg involvering av innbyggjarar og relevante aktørar er viktig for forankring av planen. Det vil bli invitert til ein aktiv medverknad i form av møter med det lokale kulturlivet og andre representantar frå ulike kunst- og kulturfelt, det vil og vere viktig å sikre brei medverknad frå ulike aldersgrupper.

Norsk kulturforum har laga ei «Sjekklista for kulturen», denne kan fungere som eit verktøy i arbeidsprosessen. Sjekklista tar for seg ulike tilhøva som bør ligga til rette for at det skal skapast eit godt og inkluderande kulturliv i kommunen og kan vere eit godt utgangspunkt for arbeidet.

- Har me en aktiv og planlagt kulturpolitikk?
- Er kulturen variert og mangfaldig?
- Fins det kulturtilbod for alle i befolkninga?
- Har alle barn og unge eit godt, variert og tilgjengeleg kunst- og kulturtilbod?
- Lever kunsten i lokalsamfunnet?
- Fins gode ramme for både profesjonelt og frivillig kulturliv?
- Fins det egna kulturlokale?
- Blir kulturarv, lokal identitet og lokale historier tatt vare på og brukt?
- Har befolkninga engasjement for kunst og kultur?
- Er det kulturfagleg kompetanse og kapasitet i forvaltninga?

I arbeidet bør ein og henta informasjon frå t.d. Norsk kulturindeks og Frivillighetsbarometeret. Det vil og vere viktig å debattera spørsmål kring både kvalitet og økonomi i kunst- og kulturlivet i Stord kommune.

6. PLANTEMA

TEMA	INNHALD (stikkord)
Den internasjonale nynorsk-kommunen Stord	Inkludering, mangfald og identitet
Fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv	Kvalitet, breidde, kunst og kultur som leveveg. Song og musikk, visuell kunst, litteratur, scenekunst, digital kultur, filmkunst
Møteplassar i kommunen	Tilrettelegging, deltaking, utfalding og oppleving
Saman i Sunnhordland	Samarbeid, nettverk og oppleving på tvers av sektorar og kommunegrensar, nye kulturelle og kreative arenaer, turisme.

7. ORGANISERING

Utval for oppvekst og kultur er styringsgruppe for arbeidet.

Eining for kultur er ansvarleg for gjennomføring og planlegging og fram til vedtak. I arbeidet vil eininga knyta til seg representantar frå ulike lag og organisasjonar, næringsliv, kunstnarar og kulturarbeidarar.

8. FRAMDRIFTSPLAN

FASAR i PLANARBEIDET	FRAMDRIFT
Vedtak om start av planarbeid og offentleg ettersyn av framlegg til planprogram	November 2021
Offentleg ettersyn av framlegg til planprogram	November - desember 2021
Vedtak av planprogram	Januar 2022
Utarbeiding av framlegg til ny kommunedelplan for kultur <ul style="list-style-type: none"> - Innbyggjarmedverknad - Temamøte - Utarbeiding av plandokument og handlingsplan - 	Våren 2022

Vedtak om offentlig ettersyn av framlegg til kommunedelplan for kultur (Utval for oppvekst og kultur)	Hausten 2022
Offentleg ettersyn av framlegg til kommunedelplan for kultur	Vinteren 2023
Vedtak av kommunedelplan for kultur (Kommunestyret)	Våren 2023